NATIONEN

NATIONEN

# SSB-forskar går i rette med dei politisk gitte elbil-fordelane

Nationen. Publisert på trykk 30.01.2012. Profil: SSB - riks/regionaviser. Side: 5. Annonseverdi: 13 590 nok. Lesere: 57 000.

**Forskaren Bjart Holtsmark ved Statistisk sentralbyrå vil ha debatt om dei mange fordelane ved kjøp og bruk av elbil, går på kostnad av kollektivtrafikken.**

SSB-forskar og tidlegare leiar i Natur og Ungdom, Bjart Holtsmark, går mot straumen ved å stille spørsmål ved elbilfordelane i Noreg.

Miljøorganisasjonane har kjempa med nebb og klør for å halde på fordelane, for å la den norske elbilmarknaden få eit godt fotfeste.

Hovudsakleg bil nummer to

- Har miljøorganisasjonane gått glipp av noko når dei så sterkt taler elbilen si sak?

- Det er fare for at elbilpolitikken fører til eit meir individuelt, privatbilbasert transportmønster og mindre bruk av kollektivtrafikk og sykkel., og det verkar som at miljøorganisasjonane ikkje har vurdert dette på ein realistisk måte, seier Holtsmark.

Han viser til at elbilar i stor grad skaffast som bil nummer to i hushaldningane, og at desse hushaldningane reduserer bruken av kollektivtransport og sykkel, men aukar bilbruken.

Holtsmark seier han ønskjer ein debatt om dei sterke insentiva til å skaffe seg elbil, som gratis parkering, høve til å køyre i kollektivfelt og ingen meirverdiavgift, er riktig i eit klimaperspektiv.

Tredobla salet

- Eg er ikkje mot elbilar, for dei har klare miljøgevinstar i forhold til tradisjonelle bilar. Men det er grunn til å stille spørsmål ved om dagens verkemiddel er riktig, dersom det bidrar til meir bilkøyring og mindre bruk av kollektivtransport, seier Holtsmark.

I fjor vart det set ny elbilrekord i Noreg, som kjempar om å vere den tredje største elbilmarknaden i verda, bak USA og Japan.




Heile 2292 nye elbilar vart registrert i Noreg i 2011, ifølgje tal frå Opplysningsrådet for Veitrafikken.

Det er tre gongar så mange som i 2010, og ved overgangen til 2012 var det totalt registrert 5500 elbilar i Noreg.

Oslo og Akershus stod til saman for halvparten av elbilsalet i 2011, medan byfylka generelt hevda seg i høve salstal per innbyggar. Nedst på lista ligg Finnmark, Hedmark og Sogn og Fjordane.

sverre steen

sverre.steen@nationen.no

elbil bra, men ...

«Det bør stillast spørsmål ved om dagens verkemiddel er riktig, dersom det bidrar til meir bil-køyring.»

bjart holtsmark, ssb-forskar

© Nationen

Les hele nyheten på http://ret.nu/mwajP6LE